

Reglar for orden og åtferd ved Askvoll skule

Vedteke i samarbeidsutvalet ved Askvoll skule 4. 11. 2010
Revidert i Samarbeidsutvalet 2. juni 2016

Gjeldande frå 15.11.2010.



Dokumenttype:	Forfattar:	Godkjennar:	Ansvarleg eining:
Retningsline	Oddgun Keilegavlen Grane	Kristen Holt	Askvoll skule
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	
RMKS-1324998545-59	3.0	01.03.2019	

Reglar for orden og åtferd ved Askvoll skule

Skulen sin visjon:

Askvoll skule har som mål å vere ein trygg og god arbeidsplass for alle i skulesamfunnet, med fokus på kunnskap, lærelyst og meistring i eit inkluderande fellesskap.

§ 1 Heimel

Reglar for orden og åtferd er heimla i Opplæringslova § 2-9.

§ 2 Føremål og rettar

Reglar for orden og åtferd har til føremål å sikre elevane sine rettar til eit godt skulemiljø, jamfør kap. 9a i Opplæringslova. Reglane skal bidra til at miljøet i skulen fremjar læring, helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve, samt førebygge skade og sjukdom.

Reglane er også grunnlag for vurdering i orden og åtferd, jamfør § 3-5 i føresegnene til Opplæringslova. Det skal takast omsyn til eleven sine føresetnader.

§ 3 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld for alle aktivitetar i regi av skulen, uavhengig av stad. Ordensreglementet gjeld også på skulevegen.

§ 4 Plikter

Elevane ved Askvoll skule har plikt til, ut frå sine føresetnadar, å følgje reglane for orden og åtferd.

§ 5 Orden

For å oppnå vurderinga "god" i orden, må eleven:

§ 5-1 Møte førebudd til opplæringa

- a) ved å møte punktleg til timane
- b) ved å møte utkvilt
- c) ved å gjere førearbeid og heimearbeid
- d) ved å ha med seg naudsynte læremiddel og utstyr



Dokumenttype:	Forfattar:	Godkjennar:	Ansvarleg eining:
Retningsline	Oddgun Keilegavlen Grane	Kristen Holt	Askvoll skule
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	
RMKS-1324998545-59	3.0	01.03.2019	

- e) ved å ha melding frå heimen dersom eleven har god grunn til ikkje å vere førebudd
- f) ved å ha melding til kontaktlærar frå føresette om eleven har vore borte eller søker permisjon.

§ 5-2 Praktisere gode arbeidsvanar

- a) ved å følgje opp arbeid som skal gjerast
- b) ved å gje seg sjølv, medelevar og tilsette arbeidsro til læringsarbeid inne og ute
- c) ved å følgje rutinar for rydding og orden i klasserom og fellesareal inne og ute, og la ytterklede henge på gangen.

§ 5-3 Syne god arbeidsinnsats

- a) ved å nytte tida til læringsarbeid når det er forventa
- b) ved å gjennomføre det arbeidet som er forventa i samråd med lærar og føresette.

§ 6 Åtferd

For å oppnå vurderinga "god" i åtferd må eleven ut frå sine føresetnader:

§ 6-1 Opptre høfleg og syne omsyn og respekt for medelevar, lærarar og andre tilsette ved skulen

- a) ved ikkje å nytte vald
- b) ved ikkje å plage eller mobbe, også digitalt
- c) ved ikkje å bruke bannord eller uhøvisk språk
- d) ved ikkje å kaste snø, vatn eller gjenstandar på andre
- e) ved ikkje å filme eller fotografere i kroppsøvingsøktar og elles i skuletida om ikkje anna er avtala.

§ 6-2 Ta medansvar for eit trygt og triveleg skulemiljø

- a) ved å seie i frå til vaksne om ein oppdagar plaging og mobbing
- b) ved å ta vare på eigne, medelevar og skulen sine eigendelar.

§ 6-3 Rette seg etter beskjedar frå lærarar, skuleleiing og andre tilsette på skulen



Dokumenttype:	Forfattar:	Godkjennar:	Ansvarleg eining:
Retningsline	Oddgun Keilegavlen Grane	Kristen Holt	Askvoll skule
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	
RMKS-1324998545-59	3.0	01.03.2019	

§ 6-4 Ikkje nytte rusmiddel, snus eller tobakk på skuleområdet og på arrangement i skulen sin regi

§ 6-5 Ikkje ha med snop, brus eller chips utan etter avtale med lærar

§ 6-6 Ikkje fuske i læringsarbeidet eller misbruke datautstyr og internett ved skulen

§ 6-7 Ikkje bruke mobiltelefon eller musikk på øyret i skuletida med mindre det er avtalt med lærar. Mobiltelefonane skal oppbevarast i mobilhotell i skuletida mellom kl. 09.00-14.25

§ 6-8 Ikkje forlate skulen sitt område utan avtale med lærar eller skuleleiing

§ 7 Konsekvensar av brot på reglane

Brot på reglane for orden og åtferd kan utløyse ulike konsekvensar:

§ 7-1 Munnleg melding og rettleiing frå vaksne ved skulen til elev

§ 7-2 Ved gjentekne eller alvorleg brot munnleg/skriftleg melding og rettleiing frå kontaktlærar/skuleleiing til elev/føresette

§ 7-3 Eleven si oppfølging av reglane for orden og åtferd er grunnlag for halvårsvurderinga i orden og åtferd, jamfør §§ 3-5 og 3-6 i føresegnene til Opplæringslova:

§3-5: "Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet til skolen.(..)."

§3-6: " I grunnskulen skal det til og med 7. årstrinn berre givast vurdering utan karakter i orden og åtferd. Frå 8. trinnet (...) skal vurdering i orden og åtferd givast med karakterar. I orden og åtferd skal desse karakterane nyttast:

- a) God (G): vanleg god orden og vanleg god åtferd*
- b) Nokså god (Ng): klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd*
- c) Lite god (Lg): i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd."*



Dokumenttype:	Forfattar:	Godkjennar:	Ansvarleg eining:
Retningsline	Oddgun Keilegavlen Grane	Kristen Holt	Askvoll skule
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	
RMKS-1324998545-59	3.0	01.03.2019	

Merknader og melding heim

Tilsette ved skulen skal drive rettleiing av elevar for å få god orden og åtferd. Hendingar og episodar med mindre alvorsgrad må påpeikast og kommenterast overfor elevar der og då, utan at det nødvendigvis skal føre til ein merknad i dagboka. Det er heile tida eit tema i kollegiet, og vi arbeider fram mot tilnærma lik praksis på dette.

Etter fem merknader i dagboka får foreldre melding over telefon **første** (fem merknader) og **andre** (10 merknader) gong dette skjer. Ved **tredje** (15 merknader) kontakt heim, vert det kalla inn til møte mellom elev, føresette og kontaktlærar der ein saman finn løysingar. Møtet blir halde i skuletida. Dersom det ikkje blir ei betring, gjev kontaktlærar melding til rektor om dette. Meir alvorlege hendingar skal meldast heim, snarast råd.

Før kontaktlærar kontaktar heimen, skal saka ha vore drøfta i klasselærarmøte. I møtet kan klasselærarar uttale seg og komme med sine synspunkt og eventuelle tilleggsopplysningar. Ei slik drøfting mellom fleire lærarar vil føre til meir lik praksis med omsyn til melding heim.

Det er viktig å vere klar over at ein merknad har ulik alvorsgrad. Ei melding heim til elev og føresette er informasjon og ei påminning om ei utvikling som bør gjerast noko med. Kontaktlærar har ansvar for melding heim med dokumentasjon, tidspunkt for telefonsamtale og avtale om eventuelle møte.

For elevar i 10. klasse blir det sendt skriftleg melding heim ved kvar kontakt ein har med heimen vedkomande merknader. Dette grunna krav til dokumentasjon ved eventuell nedsetjing av avgangskaraktarar i orden og åtferd.

Hovudgrunnlaget for fastsetjing av karakterar i orden og åtferd skal vere orden og åtferd hos eleven det siste halve året.

På alle klassesteg skal eleven bli gjort kjend med grunn til merknadane og orienterast om at det blir teke kontakt heim.

§ 7-4 Inndraging av mobiltelefon og anna lydutstyr resten av dagen om brot på 6-7

§ 7-5 Vi må stå til ansvar, også økonomisk, for skadar vi gjer på grunn av uansvarleg framferd. Ved hærverk/tilgrising på skulen sitt område eller skulen sine eigendelar skal den /dei skuldige rydde opp etter skuletid

§ 7-6 I grove tilfelle av brot på reglane for orden og åtferd kan elevar bli bortvist av rektor frå læringsarbeidet. Elevar frå 1.-7. steg kan bli bortvist frå resten av timen eller frå resten av dagen. Elevar på 8.-10. steg kan i tillegg bli bortvist i 1 til 3 dagar. Eleven skal alltid få forklare seg munnleg



Dokumenttype:	Forfattar:	Godkjennar:	Ansvarleg eining:
Retningsline	Oddgun Keilegavlen Grane	Kristen Holt	Askvoll skule
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	
RMKS-1324998545-59	3.0	01.03.2019	

før slikt vedtak blir vurdert. Føresette vert varsla før eventuell bortvising for resten av dagen

§ 7-7 Særleg grove hendingar med hæverk, mobbing, vald eller rasistiske utsegn kan verte melde til politiet ved ordføraren

Askvoll skule 10.11.2015